

## Avtalevilkår

*Kraft til innkjøpspris*



### 1. Generelt

Ved bestilling gir kunden Finnås Kraftlag fullmakt til å:

- Setje i verk og melda inn leverandørbytte til nettselskapet.
- Henta inn nødvendige opplysningar frå nettselskapet, for å gjennomføre leverandørbytte.
- Melda ut- og innflytting til nettselskapet ved flytting. Sjølv om avtalen med nettselskapet vert inngått av Finnås Kraftlag i samsvar med fullmaktene over, blir kunden fullt ut part i kontraktsforholdet med nettselskapet.
- Henta inn måleverdiar innan kl 09:00 etterfølgjande dag, dersom kunden har installert avansert målesystem.

Finnås Kraftlag må ha motteke målarstand frå kunde for å kunne starte straumleveransen. Målarstanden må ikkje vera eldre enn 20 dagar.

### 2. Leveringsvilkår

#### For privatkunder:

[Standard kraftleveringsavtale-privat](#), forhandla fram av Forbrukerombudet og bransjeorganisasjonen Energi Norge, samt [særvilkår](#), gjeld for kontraktsforholdet, med mindre anna går fram av den enkelte avtale eller anna spesielt skriftleg grunnlag.

#### For næringskunder:

Gjeld [Standard kraftleveringsavtale-næring](#), samt [særvilkår](#).

Finnås Kraftlag har rett til å foreta kredittvurdering av kundar og kunne avslå/avslutte leveranse eller krevje garanti eller forskottsbetaling frå kundar der det ligg føre sakleg grunn for det.

Straumleveransen frå Finnås Kraftlag starter vanlegvis 2-3 veker etter inngått avtale.

I dei tilfelle der kunden har angrerett, gir kunden Finnås Kraftlag rett til å starta leveransen før angrefristens utløp. Dersom kunden likevel nyttar seg av angreretten, må kunden betala for straumen som blir levert frem til leveransen er avslutta.

Me tek atterhald om prisendringar som følgje av endringar i offentlige avgifter/pålegg, samt endringar i øvrige rammevilkår og anna for straumsalsverksemd i sluttbrukarmarknaden.

Priser vert oppgitt inklusiv meirverdiavgift.

Finnås Kraftlag har i dag per i dag ingen faste månadlege beløp. Finnås Kraftlag kan endra priselementa (faste månadlege beløp) og avtalevilkår med 1 månads varsel, enten ved direkte skriv til

kunde, via kunngjering eller på annan eigna måte. Preiselementa kan justerast årleg i samsvar med endring i konsumprisindeksen, siste 12 månader, utan nærmare varsel.

### 3. Betalingsvilkår

Når nettselskapet fakturerer på vegne av Finnås Kraftlag:

Kundar i Finnås Kraftlag sitt nettområde vert fakturert i samsvar med nettselskapet sine rutinar og tidspunkt for fakturering av nettleige.

Avhengig av størrelsen på kunden sitt årsforbruk, får kundar eit av følgjande betalingsvilkår:

- etterskottsvis fakturering, basert på reelt eller forventa (stipulert) forbruk.
- Fakturering med grunnlag i beregnet beløp, basert på forventa forbruk. Avrekning basert på reelt eller forventa (stipulert) forbruk skjer vanlegvis ved årsskiftet.

Den enkelte kunde kan kontakte Finnås kraftlag og få opplyst om han vert fakturert etterskottsvis eller med grunnlag i beregnet beløp, samt frekvens for fakturering.

#### Generelt:

Betaling frå kunden blir godskriven den til ei kvar tid eldste uteståande post i kunden sin konto. Ved betaling til Finnås Kraftlag sin innfordringspartner blir eventuelle overbetalingar vurdert mot andre uteståande postar. Dersom innfordringspartner ikkje har andre uteståande postar, blir betalinga overført Finnås Kraftlag og godskriven kunden sin konto.

Faktura vert sendt ut til kunden anten som papirfaktura, e-faktura eller annan elektronisk sendemåte. Dersom kunden vel ein annan fakturatype kan det komme fakturagebyr i tillegg, etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar.

Dersom kunden ikkje betalar faktura innan forfallsdato kan Finnås Kraftlag eller Finnås Kraftlag sin innfordringspartner senda varsel om purring til kunden sitt registrerte mobiltelefonnummer eller e-postadresse.

Dersom kunden ved opphør av kundeforholdet har noko til gode hos Finnås Kraftlag, vert beløp over kr 50 utbetalte.

### 4. Vilkår for våre Kraftavtaler:

#### I. Kraft til innkjøpspris

Kraftprisen som vert levert er Finnås Kraftlag sin Innkjøpspris. Med Innkjøpspris meiner me i denne avtalen: ein forbruksveid spotpris frå den nordiske kraftbørsen Nordpool per måned med tilhøyrande innkjøpskostnader i området der straumen vert levert.

Avtalen Kraft til Innkjøpspris har eit variabelt påslag i øre per kWh. Det variable påslaget kan endrast med 2 vekers varsel på Finnås Kraftlag sine internettsider eller på Mi side. I samsvar med Lov om elsertifikat inneheld påslaget kostnader til kjøp av elsertifikat.

Innkjøpsprisen for kvar måned er kjent ca. 1 uke etter månadens utløp og vert gjort offentleg på nettsidene våre.

Avtalen gjeld til den blir sagt opp. Begge partar kan fritt seia opp avtalen med 14 dagars varsel, utan at det ligg føre krav om sakleg grunn.

## **II. Fastpris 1-årsavtale**

For fastprisavtalen viser me til vilkåra i Standard kraftleveringsavtale § 5

## **5. Angrefrist**

Du har 14 dagars angrerett etter bestilling.

[Angrefristskjema](#)